# *4. trinn Salhus skule veke 23*

| Tid | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| 8.30<br> | **Norsk**<br>Lesekvart<br>Samandrag, nøkkelord & tankekart<br>Tekst: Titanic<br><br>**Matematikk**<br>Tid/klokka<br>Addisjon | **Programmering**<br> | **Timen Livet**<br>**Bibliotek**<br><br>**Fyfo**<br><br>**Engelsk**<br>"The Gruffalo"<br> | **Norsk**<br>Lesekvart<br>Samandrag, nøkkelord & tankekart<br><br>**Fyfo**<br><br>**Matematikk**<br>Tid/klokka<br>Addisjon | **Matematikk**<br>Lesekvart<br>Vekas fire<br>Gongespel: Erobraren<br>Tid/klokketrening<br>Addisjon<br><br>Vi ser på tidlegare nasjonal prøve i rekning |
| 10.40 | Mat med midttime | | | | |
| 11.30<br> | **Utedag**<br><br>Tur til gapahuken for å sjekke fuglekassane. Kle deg etter veret. | **Stasjonar**<br><br>Klokketrening<br>Løko<br>Lesetrening<br><br> | **Rom/ ritual**<br>Kristendom<br>Jødedom<br>Islam<br>Hinduisme<br>Buddhisme<br> | **Skeiv Ungdom**<br>mangfald<br>vennskap<br>respekt<br>antimobbing<br> | **Norsk**<br>Diktat<br>Repetert lesing<br><br>Eksempeltekst nasjonal prøve i lesing<br><br>Samandrag, nøkkelord & tankekart<br>Tekst: Brennmaneter<br> |
| Slutt: | 13.15 alle dagar | | | | |

**Heimearbeid:**




- Lese og skrive lese finn du i leksepermen.
- Matematikklekse er arbeid på Kikora. Minst 30 min i løpet av veka.
- **Engelsk,** lekse til tysdag: gjer gloseøvingarket i engelskmappa di. Øv gjerne på glosene kvar dag. Lekse til onsdag: Les teksten i engelskmappa di. Du skal lese teksten to gongar på engelsk inni deg, og ein gong for ein vaksen heime.
- Hugs blyant, viskelær og linjal kvar dag.
- Ta med biblioteksbøker til onsdag.
- Hugs å ta med deg leksepermen i engelsk til onsdag.
- Hugs å ta med deg leksepermen til fredag.

**Glossary week 23**

**fox**= rev **deep**= djup **tusks**= hoggtenner **claws**=klør **jaws**=kjevar
**rocks**=ssteinar **roasted**=grilla **terribly kind**=frykteleg snilt **goodbye=** ha det

**Vekas øveord veke 23:** jakke, hjarte, gjere, gips, begynne

stian.hansen@bergen.kommune.no

# Mål vi jobbar mot denne veka/perioden:

| | | |
|---|---|---|
| **Norsk**<br> | **Kap. 9. Førstemann**<br>Etter dette kap. skal eg kunne:<br>- skrive nøkkelord til tekst eg har lese og sortere dei i tankekart<br>- Skrive samandrag av teksten ut frå nøkkelorda.<br>- Gjennomføre OBI eller BISON-blikk<br>**Lesing/skriving**<br>- Eg kjenner til dei tre leseformene: oversiktslese, leitelese og djupnelese.<br>- Velge bøker ut frå eigne interessar og lesedugleik<br>- Lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære (før, under og etter lesing)<br>- Skrive tekstar med funksjonell handskrift og med tastatur<br>- Bruke komma og andre skiljeteikn<br>- Skrive små og store bokstavar. | **Ekspertord**<br>- djupnelese<br>- oversiktslese<br>- leitelese<br>- OBI<br>- Nøkkelord<br>- tankekart<br>- samandrag |
| **Matematikk**<br> | **Kap. 8: Rekning**<br><u>I dette kapittelet skal eg lære å:</u><br>- rekne med dei fire rekneatane og utnytte samanhengen mellom dei fire rekneartane<br>- øve på gongetabellen framleis og baklengs<br>-<br><br> | **Matematiske ord**<br>- <u>klokkeslett</u>: analog og digital tid<br>- fleirsifra tal<br>- rekneartane: addisjon, subtraksjon, multiplikasjon og divisjon |
| **Engelsk**<br> | **Læringsmål:**<br>- Eg kan lese og forstå den engelske teksten "The Gruffalo".<br>- Eg kan bruke enkle engelske setningar til å beskrive karakterar og hendingar frå The Gruffalo.<br>- Eg kan uttale og skrive dei nye orda riktig.<br>- Eg kan lage setningar med dei nye orda. | <u>dyr</u>: *mouse, fox, owl, snake*<br><u>natur</u>: *forest, tree, river*<br><u>kjensler og eigenskapar</u>: *scary, big, small, hungry* |
| **Tema**<br> | **Læringsmål: Heilage rom/ritual**<br>- Elevane skal lære om heilage rom & ritual i kristendom, jødedommen, buddhisme, islam og hinduisme. | |

Måndag blir det utedag etter lunsj. Vi skal sjekke fuglekassene vi lagde tidlegare i år. Er det noko liv i fuglakassane mon tru?

Torsdag fårvi besøk av Skeiv Ungdom,  som skal ha udervisning om mangfald, vennskap og respekt. Undervisninga handlar mellom anna om ulike familiar, korleis vi kan vere gode vener, og kvifor vi ikkje skal bruke skjellsord om andre. Målet er å bidra til eit trygt og inkluderande skulemiljø.

I **norsk** skal vi arbeide med å plukke ut nøkkelord frå tekstar vi les, sortere dei i tankekart og skrive samandrag. På lesestasjonane jobbar vi med tid, klokke og lesing. Fredag skal vi lese ein tidlegare tekst frå nasjonale prøver i lesing. Vekas øveord er nye ord med j-lyd, og det blir diktat på fredag.

I **tema** held vi fram med å arbeide med heilage rom i dei store religionane, og vi skal lære meir om ritual i religionane.

**Matematikk**undervisninga  dei siste vekene kjem til å ha hovudfokus på det å jobbe med klokka og rekneartane. Det er kjekt å sjå at mange elevar begynner å meistre klokka. Vi har mest øvd på analog tid, men no skal vi også øve på digital tid på skulen og i stasjonsøkta tysdag.  Av rekneartane skal vi denne veka arbeide med addisjon.

**Engelsk:** Vi fortset med "*The Gruffalo*". Det blir gloseprøve på onsdag. Hugs at det er viktig å øve på glosene kvar dag.

stian.hansen@bergen.kommune.no